



Siste grautfest vart halde sist veke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Då Thor Inge Døssland skreiv om grautfesten, etterlyste han litt opplysningar om historia til denne årvisse festen.  
Sundag ringde Arne Terje Haugland og han kunne meddela ein del om opphavet til denne populære tradisjonen:**

Han meiner den første grautfesten truleg var i 1990. Arne Terje var leiar i styret. Han fortel at det, som alltid, var arbeidsomme og kreative damer med i styringa av skulemusikken. Det var nokre av desse som tok initiativet til grautfesten. Han nemner at det kunne vera Eva Haugland eller Liv Astrid Ekornerød som stod i bresjen for oppstarten.

Arne Terje hugsar at dei første året fekk melk av Leif og Inger Haugland til grauten. Andre året fekk dei melk av Sigrunn og Trygve Haugland. Grauten vart kokt i Helgheim, og festen var i Helgheimkjellaren dei første åra.

På den tida var det vanleg at skulemusikken spelte julemusikk rundt i bygda ein lørdag rett før jul. Faste spelestader var ved Samyrkjelaget, på Sanden og på plassen framfor Byggeriet.

Same dag selde skulemusikken lodd i lynlotteri ved butikkane.

Grautfesten har blitt arrangert kvart år. og om det stemmer at første gong var i 1990, vert den arrangert for 20. gang neste jul. Eit lite jubileum. Dei seinare åra har festen blitt arrangert på AFA, og den er framleis svært populær blant medlemmene i skulemusikken.